

# Vekeplan 8. trinn

# Veke 8 og 10

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa og snakka om skjønnlitterære tekstar</li><li>• Veta kva ein fagartikkel er</li><li>• Skriva ein fagartikkel</li></ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Reading, writing and speaking about travel and discovery</li><li>• Grammar: Proper and common, plural and uncountable nouns</li><li>• Using connectives, linking or sequence words</li></ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kunna trekka saman algebraiske uttrykk med parentesar</li><li>• Kunna beskriva system i et talmønster</li><li>• Kunna beskriva eit talmønster algebraisk</li><li>• Kunna løysa eit praktisk matematiske problem</li><li>• Kunna finna den ukjende og løysa likningar ved hjelp av dei fire rekneartane</li></ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Forklara korleis fleire menneske byrja å delta i demokratiet i Noreg i løpet av 1800-tallet</li><li>• Diskutera kvifor norske kvinner fekk stemmerett i 1913</li><li>• Forklara korleis vi har fått meir likestilling i Noreg</li><li>• Diskutera om alle har like moglegheiter til å delta i demokratiet i dag</li><li>• Drøfta korleis netthets kan påverka samfunnsdebatten</li></ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utforska og presentera sentrale trekk ved jødedommen</li><li>• Samanlikna og vurderer kritisk ulike kjelder til kunnskap om jødedommen</li><li>• Utforska andre sitt perspektiv og handtera usemje og meningsbryting</li><li>• Tenkja over korleis det er å høyra til ein liten minoritet i Noreg</li></ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruka periodesystemet til å seia på førehand kva eigenskap nokre grunnstoff har</li><li>• Forklara kva ei kjemisk sambinding er og gi nokre døme</li><li>• Gjera forsøk på lab på ein trygg og sikker måte</li></ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Verb GUSTAR (å like)</li><li>• Snakka om fritid</li><li>• Verb IR (å gå, dra ...)</li><li>• Adjektiv</li></ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Presentera faktakunnskap om Tyskland, Austerrike og Sveits</li><li>• Snakka om kva som er typisk for desse landa</li></ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"><li>• Les teksten om Mother Theresa Fact file</li><li>• Lytting oppgåver frå British Council og grammatik, jobba med nye ord</li></ul>
Kroppsøving	<p><b>Håndball:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar.</li><li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar.</li></ul> <p><b>Symjing:</b></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre.</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og arbeidsteikningar</li> <li>• Utvikla løysingar gjennom ein stegvis designprosess og vurderer haldbarheit, funksjon og estetisk uttrykk</li> <li>• Fordjupa deg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforska ulikskapar gjennom praktisk skapande arbeid og presentera val frå idé til ferdig resultat.</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktivitetar åleine og saman med andre</li> <li>• Anerkjenna ulikskap mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar, inkludere alle, samarbeida og oppmuntra medelevar</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halda orden på og vurderer bruk av utstyr og kledning</li> <li>• Ferdast i naturen på en trygg og sporlaus måte og ta ansvar for seg sjølv og andre</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opparbeida seg kunnskap om samanhengen mellom stress og tankar</li> <li>• Læra øvingar i å bruka pusten til å redusera stress</li> <li>• Arbeida med å skapa eit godt og trygt klassemiljø</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delta i arbeidsfellesskap og løysa praktiske arbeidsoppdrag.</li> <li>• Utvikla kompetanse ved å ta selvstendige val i arbeid</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Valfag 9. trinn

Elevane kan velja nytt valfag kvart år. På måndag skal elevane få informasjon om kva valfag dei kan velja i mellom. Innan fredag må ei gjera valet for kva valfag dei skal ha på 9. trinnet. Elevane har nå meir kjennskap til ungdomsskulen og valfag, så det vil ikkje vera mogleg å byta valfag på same måte som det har vore på 8. trinnet. Det er viktig at elevane vel valfag etter interesse, og at ein ikkje vel det som vennane vel. Ta ein prat om dette heime. Lenke til søknadskjema finn ein på heimesida.

### Olweusundersøkinga

Etter vinterferien skal me gjennomføra Olweusundersøkelsen her på skulen. Her får elevane

spørsmål om korleis dei har det på skulen. Me bruker resultatane som ein del av anti-mobbearbeidet vårt. Meir informasjon om undersøkinga finn ein på heimesida.

### Elev- og utviklingssamtalar

I veke 10-12 vil kontaktlærarane gjennomføra elevsamtalar. I veke 13-15 blir føresette inviterte til utviklingssamtalar.

### God vinterferie

Veke 9 er det vinterferie. Me håpar alle bruker tida godt for å lada batteria. God ferie!

Helsing oss på 8.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Samfunnsfag	Munnleg vurdering	Karakter	Veke 8
Naturfag	Skriftleg prøve	Karakter	Onsdag i veke 10

## HEIMEARBEID VEKE 8

<b>Norsk</b>	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal i slutten av veka.
<b>Matematikk</b>	Gjera oppgåve 3.32, 3.33, 3.34 og 3.35 om parenteser i algebra.
<b>Samfunnsfag</b>	Øva til munnleg vurdering.
<b>KRLE</b>	Sjå på tidslinja til jødedommen på s. 78 i Store Spørsmål. Vel deg ut ei av hendingane som står på tidslinja som du finn ut meir om: skriv minst 50 ord om kva som skjedde. Oppgje eventuelle kjelder du nyttar deg av i slutten av teksten. Lever på OneNote.
<b>Naturfag</b>	Gjer kva las du no opp 1-4 på side 87 i Solaris 8. Forklar 5 valgfrie omgrep fra side 90.
<b>Spansk</b>	Minisamtale. 3 setningar om fritid som må inkludere tidsuttrykk og verb
<b>Tysk</b>	Sjå onenote veke 8
<b>Eng fordj</b>	Skriv 10 setningar i preteritum med verba – to pay, to buy, to bring, to see, to think, to run, to read, to put, to laugh, to catch Hugs den rette forma av verba!
<b>Kroppsøving</b>	<b>Håndball:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
<b>Kantine</b>	Vegard si gruppe møter på kjøkken Anne Marie si guppe møter i 8D sitt klasserom Hugs forkle, iPad, strikk og innesko
<b>Fys.ak.</b>	Sjekk Teams. Gruppe 1 – gymsalen Gruppe 2 - timehallen
<b>Friluftsliv</b>	Me avspaserar i friluftsliv denne veka. Du skal på eigentur, enten denne veka, eller i vinterferien. Hugs å legg inn på OneNote.

<b>HEIMEARBEID VEKE 10</b>	
<b>Norsk</b>	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal i slutten av veka.
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 3.52, 3.53, 3.56 og 3.62 om å løyse problem ved hjelp av teikning og finna den ukjende
<b>Samfunnsfag</b>	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: <a href="#">Dagsrevyen 21 - NRK TV</a> . Skriv 3 setningar om <b>to</b> av nyheitssakene.
<b>KRLE</b>	Leksefri på grunn av naturfagsprøve.
<b>Naturfag</b>	Førebu deg til skriftleg prøve i kapittel 3: Atomet og 4: Grunnstoffa og periodesystemet. Du finn meir informasjon på OneNote.
<b>Spansk</b>	Innlevering av video om fritid. Du får meir info i timen
<b>Tysk</b>	Sjå onenote veke 10
<b>Eng fordj</b>	Skal jobba med ark
<b>Kroppsøving</b>	<b>Håndball:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
<b>Kantine</b>	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken Vegard si guppe møter i 8D sitt klasserom Hugs forkle, iPad, strikk og innesko
<b>Fys.ak.</b>	Sjekk Teams.
<b>Friluftsliv</b>	Du skal visa fram eigenturen din for klassen denne veka. Legg inn arbeidet på OneNote.